


ØKONOMIREGLEMENT FOR TYSNES KOMMUNE



Vedteke i kommunestyre 15. desember 2022

Innhold

1. Innleiing	3
2. Lover og forskrifter	3
3. Økonomiske måltal.....	3
4. Budsjett og økonomiplan	4
5. Økonomisk rapportering gjennom året.....	4
6. Budsjettregulering.....	4
7. Låneopptak.....	4
8. Årsrekneskap og årsmelding	5

1. Innleiing

Dette reglementet skal gje føringar for dei av områda innafor kommunen si økonomiforvaltning som ikkje allereie er regulert av lov eller forskrift.

2. Lover og forskrifter

Det er fleire lover og forskrifter som heilt eller delvis omhandlar ein kommune si økonomiforvaltning. Lov om kommunar og fylkeskommunar (Kommunelova) er den mest sentrale og overordna på området :

- Kommunelova (2018) om økonomiforvaltning, sjølvkost og rapportering
- Kommunelova (2018) om ROBEK
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar mv.
- Forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar mv. (KOSTRA-forskrifta)
- Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar
- Forskrift om berekning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr

Kommunelova §14-2 d slår fast at kommunestyret skal vedta reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement).

Det er også vedteke fleire reglement i Tysnes kommune som delvis grip inn under området :

- Finansreglementet
- Delegasjonsreglementet
- Etske retningslinjer
- Varslingsrutinen

3. Økonomiske måltal

I kommuneplanen sin samfunnsdel er fylgjande strategi vedteke :



For å kunne etterleve strategien over tid må det setjast krav til budsjetteringa og oppfølging av denne. Til grunn for budsjettering har Tysnes kommune satt fylgjande måltal :

- Netto driftsresultat : minimum 0,8%
- Disposisjonsfond : minimum 15%

- Gjeldsgrad : maksimum 100%

Måltala er retningsgjevande, ut i frå at enkelte år kan vere meir utfordrande enn andre. Men gjennom kommunen sin økonomiplanperiode må måltala likevel vere styrande.

4. Budsjett og økonomiplan

Rådmannen startar den interne budsjettprosessen i 3.kvartal av året. Statsbudsjettet vert lagt fram i starten av 4.kvartal, og med dette vert anslag på rammetilskot og skatt kjent, saman med andre endringar som vedkjem budsjettet.

Etter at tal frå statsbudsjettet er bygd inn i kommunen sitt budsjettgrunnlag vert grunnlaget lagt fram for politisk handsaming. Frå tidspunkt for framlegging og fram til kommunestyret sitt endelege vedtak er det formannskapet som styrer og eig budsjettprosessen.

Rådmannen oppdaterer budsjettdokumentet med formannskapet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret.

Dersom det gjennom formannskapet si handsaming vert lagt fram fleire forslag til endeleg budsjett vil budsjettdokumentet verte oppdatert med fleirtalsframlegget. Mindretalsframlegg vil fylgje som eigne notat. Rådmannen vil såleis oppdatere budsjettdokumentet som representerer formannskapet sitt framlegg til vedtak, samt ved behov bistå ved utarbeiding av talgrunnlag og notat til mindretalsforslag.

5. Økonomisk rapportering gjennom året

Rådmannen legg fram for kommunestyret rapportering på 1. og 2. tertial. Rapporteringa skal minimum innehalde rapporten «Økonomisk oversikt etter art – drift» slik som i Forskrift om økonomiplan mv. §5-6. I tillegg skal rapporteringa innehalde ei tekstmessig forklaring på vesentlege avvik. Ved behov kan rapporteringa også innehalde andre periodar.

6. Budsjettregulering

Ved behov vert det gjennomført budsjettreguleringar. Slike behov kan typisk oppstå som fylgje av endra føresetnader gjennom budsjettåret.

Budsjettreguleringar utan prinsipiell eller vesentleg tenestemessig verknad innafor kvar av områda til kommunalsjefane kan gjennomførast av kommunalsjef.

Budsjettregulering på tvers av kommunalsjefområda skal leggest fram for formannskap. Dette gjeld likevel ikkje regulering mellom avsetningar som er gjort på finansområdet til bruk mot dei øvrige områda. Slike budsjettreguleringar vert handtert av rådmannen.

Budsjettregulering som ikkje har inndekking skal alltid leggest fram til politisk handsaming.

7. Låneopptak

Kommunestyret sitt budsjettvedtak gjev rammer for låneopptaket.

Låneopptak som ligg innafør desse rammene vert handtert av rådmannen. Rådmannen vil gjere ei vurdering på kor mange lån som skal takast opp, og kva rentetype (pt., NIBOR, fastrente) låna skal ha. Sjå elles kommunen sitt vedteke finansreglement.

8. Årsrekneskap og årsmelding

Rådmannen lager framlegg til årsrekneskap og årsmelding innafør til ei kvar tid gjeldande lov og forskrift. Det bør i størst mogeleg grad vere samanheng i oppbygging av budsjettet og årsmeldinga, slik at lesaren kan samanstillе desse på ein enkel måte.